



## Notat

Dato: 08.03.2018  
Arkivsak: 2018/64-4  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar til PS 14/18 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Jf. saksprotokoll frå møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.2.2018.

*I samband med RS 12/18 «Svar til PS 156/17 Ymse KIRU 5.12.2017 Spelemlidlar til fleirbrukshall» kommenterte **May Eva Sandvik (H)** bruken av fleirbrukshallen i Lindås. **Olav Kvinge (H)** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:*

*«PS 110/16 i utval for kultur, idrett og regional utvikling:  
Er tildeling av tippe- (spille)midler til kultur og idrettsformål til «Storstova» i Lindås i tråd med vilkårene/retningslinjene?»*

#### **Røysting**

*Kvinge sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.*

#### **Fylkesrådmannen si vurdering:**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler årleg spelemlidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet på basis av prioriterte søknadar frå kommunane. Føresegner for ordning er gitt av Kulturdepartementet og vert revidert kvart år.

Når det gjeld Leiknes skule, Storstova i Lindås har det vore søkt om tilskot om spelemlidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2016, 2017 og 2018. I 2014 fekk Lindås kommune førehandsgodkjenning frå Kulturdepartementet til å søke om spelemlidlar til idrettshall 16x24m med 2 sett garderobar, styrketreningssrom og sosialrom. I ettertid er føresegnene endra slik at lager kan inngå i staden for styrketreningssrom. Det vart gjeve avslag på søknaden om støtte til tiltaket i 2016 og 2017. Handsaming av søknadar for 2018 pågår for tida, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil få politisk sak som gjeld tildeling våren 2018. Status er dermed at det pt ikkje er tildelt midlar til Leiknes skule Storstova frå ordninga Spelemlidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler årleg spelemlidlar til lokale kulturbygg på basis av prioriterte søknadar frå kommunane. Føresegner for ordninga er gitt av Kulturdepartementet med lokale tilpassingar for Hordaland fylkeskommune. Lokale tilpassingar er godkjend av Kulturdepartementet.

Jf. søknad for spelemlidlar til Lokale kulturbygg i 2016:

*«Storstova vert fleirbrukshall for idrett og kultur i bygda, og skal samstundes brukast som kroppsøvingslokale for Leiknes barneskule.*

*For å tilretteleggja for kultur er følgjande tiltak gjort: Hallen er utrusta med fast scene. Scena er i tillegg planlagt slik at den også fungerer som utescene mot amfi på uteområdet. Det vert bygt eit forrom til scena som kan brukast i samband med førestillingar og konsertar, og som lager for td teatereffektar. I tilknytning til hallen kjem det auditorium med plass for 60 personar, med moglegheit for td filmframvisning. Hallen vert utrusta med blendingsgardiner, og lysanlegg som mogleggjer trinnlaus demping av lyset. Når det gjeldt lydanlegg vert det henta inn rådgjeving frå Arild Nielsen kulturskulerektor i Lindås kommune....*

*Hallen vert utrusta med teleslynge. Hallen vert bygd saman med eksisterande skule, slik at skulekjøkken vil fungera som kjøkken under kulturarrangement.»*

Fylkesrådmannen har fått stadfesta følgjande frå Lindås kommune v/ Øyvind Stang og Atle Vaage: Scene er bygd som fast rom langs eine langsida. I tillegg er det opning via glasdører på baksida ut mot betongrampe mot skuleplass slik at anlegget også kan fungera som utandørs scene. Rampe for HC frå sal til scene. Det er bygd 20 kvadrat forrom med dør direkte til scene + dør mot auditorium på motsett side slik at dette om nødvendig kan brukast for å utvida kapasitet på forrom. Hallen er utrusta med fjernstyring.

Per i dag er det fast teaterøving for born tysdagar i regi ungdomslaget. Indremisjonen har samlingar 1-2 gonger månad. Knarvik skulemusikk har hatt eit par konsertar, same med blåseorkesteret for vaksne. Bygdelaget har hatt 2-3 arrangement. I tillegg barnebursdagar med bruk av sosialrom og hall. Har og vore eit par årsmålsgingar (50 års feiringar)

Per i dag er det godt med ledig tid, mest ledig fredag-søndag. Kvardagar elles blant anna idrettsskule, minihandball, volley og fotball.

Fylkesrådmannen ser med dette at spelemidlar er tildelt i tråd med føresegnene.